

NVE Konesesjonsavdelingen
Seksjon for småkraftverk (KSK)
nve@nve.no

DERES REF:
201300324

DERES DATO:
24.04.2015

ARKIVKODE:

VÅR REF:
David Inge
Tveito

STED:
Billingstad

DATO:
01.06.2015

**Kommentarar til høyringsuttalane i samband med konsesjonssøknad for
Melfjordbotn Kraftverk i Rødøy kommune i Nordland.**

Me viser til e-post av 24. april 2015 med link til 12 høyringsuttalar til konsesjonssøknaden for Melfjordbotn kraftverk.

Me håper at våre kommentarar er tilstrekkeleg underlag for NVE si sluttbehandling av konsesjonssøknaden.

Med venleg helsing
For Melfjordbotn Kraftverk SUS

David Inge Tveito
Norges Småkraftverk AS
Dagleg leiar

Innhald

Kommentar til uttalane frå:

1. Rødøy kommune
2. Fylkesmannen i Nordland
3. Nordland fylkeskommune
4. Statens vegvesen
5. FNF Nordland
6. Sametinget
7. Rødøy-Lurøy Kraftverk AS
8. Nordlandsnett
9. Helgelandskraft
10. Kystverket
11. Hestmannen/Strandtindene reinbeitedistrikt
12. Direktoratet for Mineralforvaltning

1. Rødøy Kommune datert 19.02.2015.

Rødøy kommune rår til at det vert gitt konsesjon til Melfjordbotn kraftverk.

2. Fylkesmannen i Nordland (FYM), datert 08.04.2015.

På grunn av flyttlei i området har FYM lagt ned motsegn.

Kommentar:

Når det gjeld driftelei for tamrein, så er det klart at Storelva på planlagt utbygd strekning, ikkje kan ha vore nytta eller nyttast for forflytting av rein. Bratte berg gjer det fysisk umogleg å passere Storelva mellom inntak og sjø. Inntaket vil etablera eit mindre elvemagasin med utforming av landskap og elveløp som gjer det mogleg for rein å passera over elva. Her er avbøtande tiltak aktuelle, då det er eit stort nok areal for forflytting av reinen ovanfor inntaksmagasinet. Oppsetting av ledegjerder på begge sider av elvemagasinet, noko som vil hindre reinen i og eventuelt ta seg ut på islagt elvemagasin på vårparten. Sommer og haust (og vinter) vil reinen fint kunne passere det øvre avsnittet av elvemagasinet – og ikkje minst via eit større areal lenger oppover i dalen. Konfliktnivået, med avbøtande tiltak, vert derfor vurdert som lågt/fråverande.

Når det gjelder bygging av anleggsveg, er eit avbøtande tiltak å innstille anleggsarbeid når det er tamrein i området/tid for forflytting av reinflokkar. Eller arbeidet vert planlagt/gjennomført tidsmessig når reinen ikkje bruker dette arealavsnittet. Ferdig veg til inntaket, med tilsådde vegkantar, vil ikkje vera til hinder for reinen si forflytting i dette området.

Utbyggjar kan ikkje sjå at dette ikkje kan løyast og håper det vert konklusjonen under den offentlege synfaringa som er planlagt. Utbyggjar tolkar og FYM slik at motsegna kan trekkast dersom tiltaket ikkje hindrar drift av rein.

3. Nordland Fylkeskommune (NFK) datert 20.04.2015

NFK rår frå at det vert gitt konsesjon då utbygging vil komma i konflikt med flyttlei/drivingslei og beiteområder for reindrif. NFK skriver også at tiltaket vil få negative konsekvensar for den raudlista naturtypen elveløp (NT) og inngrepsfrie naturområder.

Kommentar:

Når det gjeld reindrif, vert det vist til kommentaren til FYM sin uttale.

At Storelva har naturtypen elveløp (NT) er ikkje registrert i BM-rapporten. Kan heller ikkje sjå at det er registrert pr. i dag i Naturbasen til Miljødirektoratet.

Det er en veldig liten reduksjon av INON ved utbygging av kraftverket som vist i tabell på side 22 i konsesjonssøknaden.

4. Statens Vegvesen datert 13.04.2015

Har ingen synspunkt til søknaden.

5. FNF Nordland datert 24.04.2015.

FNF skriv at sjølv om det ikkje vart påvist raudliste artar eller naturtypar, så er det likevel rikt biologisk mangfald i og ved vassdraget som blir råka, samt negative konsekvensar for landskap. Det vert også vist til at det blir arbeid med utviding av Saltfjellet- Svartisen nasjonalpark og eit eige landskapsvernområde best for Melfjorden.

Kommentar:

Utbyggjar vil gjere dei tiltaka som er føreslått som avbøtande tiltak i BM-rapporten. Utbyggjar kjenner ikkje til planar utviding av nasjonalpark og landskapsvernområde. Det er heller ikkje komme noko om dette frå Fylkesmannen som me antar er rette faginstans.

6. Sametinget datert 20.01.2015

Skriv at kraftverket ikkje kjem i konflikt med automatisk freda samiske kulturminner.

7. Rødøy-Lurøy Kraftverk AS datert 10.04.2015

Skriv at det ikkje er kapasitet i dagens nett og at omfattande nettforsterkingar må gjerast.

Kommentar:

Utbygger har på nye vore i kontakt med Clemens Kraft som har konsesjon på ny 22 kV linje frå Melfjorden og over til Rana. Dei har i dag opplyst at dei ser på ei ny anleggsløyning for Gjervalåga kraftverk frå planlagt ny transformatorstasjon 132/22 kV ved Smilbelg kraftverk i Rødøy-Lurøy kommune.

Denne anleggsløyninga har dei drøfta med NVE i møte den 22 april. Anleggsløyninga vil med stor sannsynlegheit halvera tilknytningskostnadane og redusera marginaltapet. Det vert jobba med ny alternativ nettilknytning frå Smilbelg transformatorstasjon. Utbygger har bedt om å få vera med på fellesmøte angående dette i Bodø 25. juni.

8. Nordlandsnett datert 08.04.2015

Viser til at 132 kV linja Svartisen-Halsa med tilhøyrande transformering 420/132 kV i Svartisen må vera bygd før kraftverka kan få nettilknytning. Det er forventa ferdigstilling i 2016.

Kommentar:

Det vert vist til kommentaren til uttalen frå Rødøy-Lurøy Kraftverk AS

9. Helgelandskraft datert 10.04.15

Viser til at det at nye Strupen transformatorstasjon må få større kapasitet viss alle prosjekta får konsesjon. Helgelandskraft ser på det som ei enkel sak.

Frå Strupen transformatorstasjon går det ei 132 kV linje frå Sjona til Svabo. Denne har ikkje kapasitet til å ta i mot produksjon frå alle planlagte kraftverk i området. Det er planar om tiltak for å avhjelpa flaskehalsproblematikken, men det er usikkert når dette vert gjort.

Kommentar:

Det vert vist til kommentaren til uttalen frå Rødøy-Lurøy Kraftverk AS.

10. Kystverket datert 15.01.2015

Ingen synspunkt.

11. Hestmannen/Strandtindene reinbeitedistrikt datert 30.04.2015

Det vert vist til at det vil by på særlege problem viss det ikkje vert utført avbøtande tiltak.

Kommentar:

Det vert vist til kommentarane til FYM sin uttale.

12. Direktoratet for Mineralforvaltning datert 13.04.2015

Ingen synspunkt.